

Den siste perioden har det vore forholdsvis hyppige stenginger av Rugsundbrua grunna det som har vore vurdert som for sterk vind/for dårlig vær. Tilbakemeldingane frå dei som bruker brua er at den vert stengt for ofte, og at vurderingane som ligg bak stenginga er for unyanserte og rigide. Rugsundbrua har vindskydd som går opp 1,5 meter, og vindmåleren er plassert over denne. Det vert hevdat personbiler uproblematisk kan passere under vindskyddet, sjølv om større biler bør vente. Det vert også problematisert at tidsreguleringa for klarsignal (tid mellom grenseverdi og nytt klarsignal) er svært lang, slik at bilane vert stående unødig lenge å vente. Lyssignalet er og plassert slik at bilane som må vente må stå på ei svært vindutsett strekke, signalet kunne med fordel vore flytta til meir egna plass.

Stenging av Rugsundbrua får store konsekvenser for dei som nytter den, og for næringslivet som både misser ansatte på jobb og nødvendige vareleveranser. I enkelte høve kan stenging føre til isolering av brukarar, med den farene det kan medføre. Det er derfor svært viktig at vurderingane rundt stenging av Rugsundbrua er gjort ut frå relevante, lokale forhold og med nødvendig fleksibilitet.

Spørsmål: Brukarane av Rugsundbrua ber om at kriteria for stenging av Rugsundbrua må ha ein større fleksibilitet. I mange høver vil personbiler trygt kunne passere sjølv om større biler må vente, noko som kan regulerast ved separate lyssignal. Ein ber også om at plasseringa av lyssignal og grenseverdiane det jobber etter vert vurdert, og om eit høgre vindskydd må på plass for å sikre betre regularitet for brukarane.

mvh
Hanne H Kristensen
medlem i Samferdselsutvalet
Høgre